

Kva tenester har me?

**Kriterium for omsorgstenester i
Hå kommune**

Tildeling av helse- og omsorgstenester

Innbyggjarar i Hå kommune kan i løpet av livet få behov for kommunale helse- og omsorgstenester. Behovet for helsetenester i ein kommune heng saman med helsetilstanden, og må planleggast i tråd med det.

Helse og omsorgstenestelova § 3-1 skildrar kommunen sitt overordna ansvar for helse- og omsorgstenester:

«Kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester. Kommunens ansvar omfatter alle pasient- og brukergrupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom, skade eller lidelse, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne»

Helse- og omsorgstenestene som Hå kommune leverer følger heile livsløpet til innbyggjarane, frå før fødsel til livets slutfase. Tenesteområda har samansette grupper som mottek tenester. Det er stor variasjon i diagnosar, funksjon og hjelpebehov. Nokon av de som mottek tenester bur heime, nokon i kommunale bustader og nokon på institusjon.

Hå kommune har utarbeida kriterium for tildeling av helse- og omsorgstenester. Kriteria for dei ulike tenestene er laga ut frå gjeldande lovverk, og tek utgangspunkt i korleis verksemdene i helse- og velferd er organisert.

Føremålet er å gi innbyggjarane ein oversikt over kva kriterium, retningslinjer, lovar og forskrifter som avgjer om tenesta vert innvilga eller avslått.

Tydelege kriterium og retningslinjer sikrar likebehandling, og forenkler saksbehandling og tenestetildeling.

For tenester kor det er klagerett er det informasjon om klageadgang i vedtaksbrev.



Innhold

Tildeling av helse- og omsorgstenester	2
1.0 Omsorgstrappa	4
2.0 Kriterium for tenester levert av heimetenesta	5
3.0 Kriterium for tenester levert av psykisk helse og rusvern.....	18
4.0 Kriterium for tenester levert av enhet for funksjonshemma.....	30
5.0 Kriterium for tenester på sjukeheim	54
6.0 Andre tenester som ikkje krev vedtak/lågterskeltilbod	65

1.0 Omsorgstrappa

Reforma «bu trygt heime» legg til grunn at alle skal bu heime lengst mogleg, og klare seg mest mogleg sjølv. Dette betyr at kommunen må fokusera på førebygging og tidleg innsats, ressursmobilisering og meistring.

Kvalietsplan omsorg seier tydeleg at helse- og omsorgstenester i Hå kommune skal følga LEON – prinsippet (Laveste Effektive Omsorgs Nivå), og at helsefremmande arbeid bør foregå i så nær tilknytning til heimemiljøet som mogleg.

Figuren under syner korleis tenestene til innbyggjarar er organisert, basert på LEON – prinsippet, og syner eit utval av tenestene i Hå kommune.

Tenestene på eit lågare trappetrinn er aktuelle for trappetrinna som kjem etterpå.

<u>Lågterskeltilbod</u>	<u>Tenester til heimebuande</u>	<u>Heildøgnsstenester utanfor institusjon</u>	<u>Heildøgnsstenester i institusjon</u>
Fysioterapi Ergoterapi Familiesenter Meistringskurs Lindring og kreftteam Friskliv Tunet brukerstyrte senter Funkishuset	Heimesjukepleie Rus- og psykisk helsearbeid Kvardagsrehabilitering Praktisk bistand/heimhjelp Brukarstyrt personleg assistent Tryggleiksalarm og velferdsteknologi Matombringning Støttekontakt Dag- og aktivitetstilbod Avlastning Kommunal bustad til pleie- og omsorgsføremål	Tilrettelagte samlokaliserte butilbod med tilknytta heildøgnsbemanning, t.d. einskilde bufellesskap.	Langtids plass i institusjon Korttids-/ rehabiliteringsopphald Avlastningsopphald i institusjon Barnebustad
<u>Målgruppe</u> Dei som klarer seg ganske godt sjølv	<u>Målgruppe</u> Dei som har behov for litt hjelp	<u>Målgruppe</u> Dei som treng hjelp mykje av tida	<u>Målgruppe</u> Dei som treng hjelp heile døgnet

2.0 Kriterium for tenester levert av heimetenesta



2.1. Heimesjukepleie

Tenestebeskriving	Heimesjukepleie er hjelp og rettleiing til innbyggjarar som har behov for nødvendig helsehjelp. Det kan vera sjukdom og/eller ei funksjonsnedsetting som gjer at dei har behov for helsehjelp i heimen. Tenesta kan omfatta: • Personleg stell og pleie. • Legga til rette for rettleiing og oppfølging knytta til ernæring. • Sjukepleieprosedyrar og sårstell som ikkje kan utførast på legekantor. • Administrering av legemidler • Pleie og omsorg ved livets slutt
Føremål	Tenesta skal gje nødvendig og forsvarleg helsehjelp til heimebuande innbyggjarar på ein slik måte at tenestemottakaren held oppe og/eller forbetrar funksjonsnivået sitt så langt som råd. Føremålet med tenesta er og at tenestemottakar skal kunna bu heime lengst mogleg.
Målgruppe	Heimebuande eller besøkande i Hå kommune, som på grunn av sjukdom eller funksjonsnedsetting har behov for helsehjelp i eigen heim.
Lovverk	Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 § 3-2 nr. 5 og nr. 6 bokstav a. Pasient- og brukarrettighetslova § 2-1a andre ledd
Kriterium/vurdering	• Eigensøknad om tenesta. • Den medisinske tilstanden og funksjonsnivået til innbyggjaren er avgjerande for: - Kva hjelp personen har rett til - Omfang av tenesta - Kor lenge tenesta skal gis Det er heimetenesta som gjer denna vurderinga. • Behovet for helsehjelp vert og vurdert ut frå IPLOS funksjonsvariablar og individuelle behov. • Før hjelpetiltak vert iverksett skal tilrettelegging av bustad, tekniske hjelpemiddel, velferdsteknologiske løysningar, kvardagsrehabilitering, fysioterapi og anna form

	for rehabilitering/opplæring vera prøvd eller vurdert. • Tenesta vert gitt som opplæring når det vurderast som hensiktsmessig. • Medisinske opplysningar frå lege vert innhenta ved behov, og etter samtykke frå tenestemottakar. Heimesjukepleie vert i hovudsak ikkje gitt til: • Transport og ledsagar til legetimar og liknande. • Innbyggjarar som utan for store belastningar grunna sjukdom og funksjonsnivå kan oppsøka helsehjelpa sjølv. • Sårbehandling og andre sjukepleiarprosedyrer som kan utførast på legekontor. • Tøying, massasje og lignande.
Krav om tilrettelegging	Av hennsyn til arbeidsmiljøet for tilsette kan det vera behov for å stilla som vilkår at heimen vert fysisk tilrettelagt med blant anna utstyr og hjelpemidlar som er nødvendige for å ivareta tilsette si helse, miljø og sikkerhet. Det er heimetenesta saman med verneombud som tek vurderinga etter behov. Husdyr skal haldast adskilt frå dei tilsette.
Eigenandel	Det er ikkje eigenandel for heimesjukepleie.

2.2 Praktisk bistand/heimehjelp

Tenestebeskriving	Praktisk bistand omfattar bistand til nødvendige praktiske gjeremål i bustad. Tenesta vert gitt til innbyggjarar som er avhengig av hjelp grunna sjukdom, funksjonsnedsetting, eller av andre årsakar som gjer at dei ikkje klarer å ivareta praktiske oppgåver i heimen. Hå kommune sin standard for heimehjelp er 1 – 1,5 time annakvar veke, avhengig av storleik på bustad, og anslått tidsbruk. Tenesta vert ikkje levert dersom oppsett tid fell på ein heilagdag, den kan og utgå ved sjukdom og ferieavvikling. Praktisk bistand kan omfatta: • Reingjering av rom som er i dagleg bruk, vanlegvis: kjøkken, stove, soverom, bad, og gang. Det er hovudsakleg hjelp med støvsuging, vask av golv og bad, tenesta inneheld. • Skifte av sengetøy/sengereing. • Vask av klede i vaskemaskin, eventuelt oppheng av klede på innvendig tørkestativ. • Kasta søppel • Rydda inn og ut av oppvaskmaskin. • Eventuelt bistand til matvarebestilling.
Føremål	Tenesta skal bidra til at innbyggjarar kan bu heime lenger og meistra dagleglivet betre
Målgruppe	Målgruppa er innbyggjarar som på grunn av sjukdom og/eller funksjonsnedsetting er avhengig av hjelp til å kunna ivareta daglege gjeremål i bustad, og dermed kunna leva og bu sjølvstendig.
Lovverk	Pasient- og brukarrettighetslova § 2-1 a andre ledd Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 § 3-2 første ledd nr.6 bokstav b.
Kriterium/vurdering	• Eigensøknad om tenesta. • Søkar må være busett i Hå kommune, og bu heime. • Innbyggjar må ha eit særskilt hjelpebehov på grunn av sjukdom/og -eller funksjonsnedsetting

	som gjer at han ikkje klarer å ivareta praktiske gjeremål i heimen. • Før hjelpetiltak vert iverksett skal tilrettelegging av bustad, tekniske og teknologiske hjelpemiddel, kvardagsrehabilitering, fysioterapi og anna form for rehabilitering/opplæring vera prøvd eller vurdert. • Det må ikkje vera husdyr og reingjering etter husdyr som er bakgrunn for behov av tenesta. • Behov for bistand vert vurdert ut frå IPLOS funksjonsvariablar og individuelle behov. • Dersom søkar bur saman med andre, vil ein vurdera om andre husstandsmedlemmar kan utføra alle eller delar av oppgåvene. • Medisinske opplysningar vert innhenta frå lege ved behov, og etter samtykke frå tenestemottakar.
Føresetnader for oppstart av tenesta	• Tenestemottakar må vera heime og tilstades når oppdrag skal utførast. • Dersom tenestemottakar ikkje skal/kan motta hjelp på oppsett tidspunkt, må ho melda frå om dette. Får ikkje heimetenesta beskjed, vil tenestemottakar bli fakturert for tenesta. • Nødvendig og godt fungerande utstyr til reingjering må vera tilgjengeleg. - Støvsugar - Langkost/mopp - Vaskemiddel - Klutar, etc. • Tenesteytar skal ha eit forsvarleg arbeidsmiljø med tanke på fysisk belastning, utstyr, romtemperatur, husdyr, røyk m.m.
Eigenandel	Det er eigenbetaling for tenesta. Satsane for eigenbetaling vert justert årleg av kommunestyret.

2.3 Kvardagsrehabilitering

Tenestebeskriving	Kvardagsrehabilitering er ein tidsavgrensa, intensiv og målretta rehabilitering for heimebuande personar i Hå kommune. Søkar må ha hatt eit funksjonsfall av ulike årsakar, og har behov for trening og tilrettelegging av kvardagsaktivitetar. Tenesta er vanlegvis tidsavgrensa til 4 veker. • Det vert sett klare mål og tiltak • Søkar skal sjølv bidra aktivt for å oppretthalda eller betra funksjonen i kvardagslivet • Det vert lagt vekt på støtte og rettleiing, ikkje hjelp. I nokre tilfelle tilbys kvardagsrehabilitering i staden for heimesjukepleie.
Føremål	Bidra til at innbyggjarar kan bu heime lenger med rettleiing og støtte til å meistra eigen kvardag best mogleg, og dermed utsetta behovet for omfattande og langvarige helsetenester lengst mogleg.
Målgruppe	Innbyggjarar i alle aldrar, uavhengig av diagnose, som kan auka eller oppretthalda funksjonsnivå og sjølvhjelp.
Lovverk	Helse- og omsorgstjenestelova § 3-1 § 3-2 nr. 5 og nr. 6 bokstav a. jf. pasient- og brukerrettighetslova § 2- 1a annet ledd.
Kriterium/vurdering	Søkar må: • Vera medisinsk avklart og ha eit rehabiliteringspotensiale. • Kunna motta instruksjon, rettleiing, formulera eigne mål og gjera seg forstått. • Ha behov for rettleiing og hjelp til å meistra oppgåver ho tidlegare har klart sjølv. • Vera motivert for trening og endring. • Vera open for endring og eigeninnsats.
Eigenandel	Det er ingen eigenandel for tenesta.

2.4 Matombringing

Tenestebeskriving	Matombringing er ein teneste for heimebuande innbyggjarar i Hå kommune. Det vanlegaste er middag som vert laga i storkjøkken ved Hå sjukeheim, og levert heim til brukar tre dagar i veka. Dette kjem an på kva type abonnement som vert valt. Middagen vert levert kald, og må varmast opp. På Varhaug bu- og velferdssenter og Olsvoll bu- og velferdssenter er det mogleg for dei som bur i kommunal bustad på staden, å søka om fullkost (frukost, middag, kaffimat og kveldsmat).				
Føremål	Bidra til eit variert og næringsrikt kosthald og førebygga underernæring.				
Målgruppe	Heimebuande personar som har redusert evne til å ivareta tilstrekkeleg ernæring gjennom matlaging grunna sjukdom og/eller funksjonsnedsetting. Tenesta skal forebygga behov for andre helse- og omsorgstenestar.				
Lovverk	Matombringing er ikkje ein lovpålagt teneste, men vert tildelt gjennom enkeltvedtak heimla i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2, punkt 6, bokstav a.				
Kriterium/vurdering	• Søkar må bu eller opphalda seg i Hå kommune. • Søkar må vurderast til å ha behov for hjelp til å laga/skaffa seg middagsmat. Medisinske opplysningar kan innhentast frå fastlege ved behov. Søkar må kunna: - Ta imot middagen ved levering - Oppbevare maten i kjøleskap på 0-4 gradar - Ha mikrobølgeovn/komfyr - Melda frå til heimetenesta ved avbestilling Hå kommune tilbyr følgande abonnement: <table><tr><td>Middag 3 dagar per veke</td></tr><tr><td>Middag 6 dagar per veke</td></tr><tr><td>Middag 7 dagar per veke</td></tr><tr><td>Fullkost – kun ved Varhaug bu- og velferdssenter og Olsvoll bu- og velferdssenter</td></tr></table>	Middag 3 dagar per veke	Middag 6 dagar per veke	Middag 7 dagar per veke	Fullkost – kun ved Varhaug bu- og velferdssenter og Olsvoll bu- og velferdssenter
Middag 3 dagar per veke					
Middag 6 dagar per veke					
Middag 7 dagar per veke					
Fullkost – kun ved Varhaug bu- og velferdssenter og Olsvoll bu- og velferdssenter					

Eigenandel	Det er fast månadspris avhengig av kva type abonnement brukar vel. I prisen er det inkludert middag og dessert/suppe, i tillegg til utlevering/transport. Prisen vert årleg regulert av kommunestyret.
-------------------	---

2.5 Medisineringsstøtte - elektronisk medisindispenser (velferdsteknologi)

Tenestebeskriving	Ved søknad om heimesjukepleie med bistand til medisinhandtering kan ein vurdere om søker kan ha nytte av ein elektronisk medisindispenser. Elektronisk medisindispenser varslar når medisinen skal tas og kan senda varsel vidare om den ikkje vert det. Hå kommune har to ulike typar medisindispensare, Pilly og Karie. For å nytta Karie må brukar ha multidosepakka medisinar.
Føremål	Tilrettelegga for at innbyggjar meistarar kvardagen, held oppe funksjonsnivået og får vera sjølvstendig. Sikra at brukar får medisin til riktig tid.
Målgruppe	Innbyggjarar i Hå kommune som bur heime, og som ikkje sjølv klarer å ta medisin til rett tid på grunn av sjukdom og/eller funksjonsnedsetting.
Lovverk	Pasient og brukerrettighetslova § 2.1.a. Helse og omsorgstjenestelova § 3 – 2 nr. 6 a.
Kriterium/vurdering	• Brukar må fylla kriteria for heimesjukepleie med behov for hjelp til medisinhandtering. • Brukar må vera i stand til å ta medisinerane sine sjølv frå medisindispenseren, etter opplæring. • Medisindispenseren skal fremja meistring og brukar skal klara seg utan besøk frå heimetenesta for hjelp til dagleg medisinhandtering. • Det skal gjerast ei vurdering av søker. Medisinske opplysningar frå fastlege vert innhenta ved behov.
Eigenandel	Det er ingen eigenandel for tenesta

2.6 Tryggleiksalarm

Tenestebeskriving	Tryggleiksalarm er for heimebuande eldre eller andre med redusert funksjonsnivå som opplever utryggleik og/eller har behov for å koma i kontakt med aktuell hjelpeinstans. (kunna tilkalla seg hjelp gjennom døgnet). Tryggleiksalarman består av ein alarmboks og ein alarmknapp. Ved bruk av alarman opnast det for ein toveiskommunikasjon med responscenter som er betjent 24 timar i døgnet. Ved behov rykker heimetenesta ut, eller eventuelt pårørande dersom det er avtalt. Tryggleiksalarm er ikkje ei akutt teneste. I akutte situasjonar må ein ringa 113. Alarman fungerer kun innandørs i heimen.
Føremål	Bidra til å auka tryggleiken i eigen heim.
Målgruppe	Heimebuande som på grunn av helsemessige forhold har behov for rask kontakt med/bistand frå den kommunale helse- og velferdstenesta, ved for eksempel fall eller sjukdom.
Lovverk	Tenesta er ikkje lovpålagt, men vert tildelt gjennom vedtak som heimlast i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2, punkt 6.
Kriterium/vurdering	• Søkar må bu i Hå kommune. • Søkar må vera i stand til å kunna forstå og bruka alarmknappen. • Søkar må ha ein sjukdom eller funksjonsnedsetting som hindrar at ho/han kan nytta telefon for å tilkalla hjelp. • Tryggleiksalarm bør førebygga eller vera eit supplement til bruk av andre tenester. • Søkar må samtykka til montering av nøkkelboks og utlevering av husnøkkel. Medisinske opplysningar frå fastlege vert innhenta ved behov.
Eigenandel	Det er månadleg eigenbetaling for tryggleiksalarm. Det er og eit eingongs etableringsgebyr for tenesta. Prisen vert årleg regulert av kommunestyret.

2.7 Digitale tilsyn (velferdsteknologi)

Tenestebeskriving	Digitalt tilsyn består av ulike typar sensorar som fungerer som passiv varsling frå brukarar. Dei fleste sensorane er knytta opp mot tryggleiksalarmen. Hå kommune har per februar 2024 teke i bruk døralarm, fallalarm og GPS klokke. Søkar må signera på samtykkeskjema for at ein skal kunna iverksetta sensorar.
Føremål	Gjera innbyggjarar trygge nok til å klara seg best mogleg sjølv. Tryggleik for brukar og pårørande.
Målgruppe	Innbyggjarar som av ulike årsakar har behov for ein eller fleire overvåkningssensorar for å klara seg best mogleg sjølv heime, og oppleve tryggleik.
Lovverk	Pasient og brukerrettighetslova § 2.1 a. Helse og omsorgstjenestelova § 3 -2 nr. 6 a.
Kriterium/vurdering	• Søkar/pårørande må kunna forstå og bruka sensoren etter opplæring. • Sensor skal fremmjå meistring, tryggleik og sjølvstende. • Sensor skal førebygga behov for høgare omsorgsnivå som langtidsopphald i institusjon Medisinske opplysningar frå fastlege vert innhenta ved behov. Det er ikkje klagerett på denne tenesta.
Eigenandel	Det er ingen eigenandel for tenesta

2.8 Dagsenter for heimebuande eldre

Tenestebeskriving	Hå kommune har dagsenter ved alle bu- og velferdssentrene i kommunen, samt ved Klokkekarhagen sjukeheim. Dette er eit tilbod for heimebuande eldre personar som har eit behov for aktivisering, servering av måltider, tilsyn og omsorg for å kunna bu heime lengst mogleg. Dagsenter skal vera eit samlingspunkt og tilbyr fysiske, sosiale og kulturelle aktivitetar. Tilbodet ved Klokkekarhagen rettar seg særleg mot personar med ein demenssjukdom, og som har behov for oppfølging utover det ein kan gje i ordinært dagsenter.
Føremål	Hovudmålet med tenesta er at den skal vera helsefremmande og gi eldre personar tryggleik, aktivisering, sosial støtte, eigenmestring og førebygga isolasjon som gjer at dei kan bu lenger i eigen heim. Føremålet kan og vera å avlasta pårørande.
Målgruppe	Heimebuande eldre med bustad i Hå kommune, som har behov for aktivitet og sosial samvær, for å ivareta si fysiske og psykiske helse.
Lovverk	Pasient- og brukarrettighetslova § 2-1a annet ledd, jf. Helse- og omsorgstenestelova § 3-1, § 3-2, nr.7.
Kriterium/vurdering	Det må vurderast om tilbodet vil bidra til å: • Ivareta eigenomsorg, sosial støtte og aktivisering • Førebygga behov for omfattande tenester i heimen eller langtidsopphald i institusjon. • Førebygga eller redusera einsemd og isolasjon. • Avlasta pårørande Medisinske opplysningar frå fastlege vert innhenta ved behov.
Eigenandel	Det er krav om eigenbetaling etter satsar gitt av kommunestyret årleg.

2.9 Kommunal bustad til pleie- og omsorgsføremål

Tenestebeskriving	Kommunal bustad til pleie- og omsorgsføremål er for innbyggjarar med sjukdom, funksjonsnedsetting og/eller eit stort hjelpebehov som treng eit tilrettelagt butilbod. Hå kommune har bustader knytta til bu- og velferdssentra i kommunen, nokon er knytta til bufellesskap (Varhaug og Olsvoll). Her er moglegheit for å få alle måltid servert. Det er ikkje heildøgnsbemanning knytta til bustadene.
Føremål	Ivareta innbyggjarar som har eit behov for tilrettelagt bustad og/eller behov for auka omsorgsnivå.
Målgruppe	Innbyggjarar som grunna sjukdom eller funksjonsnedsetting har behov for ein tilrettelagt bustad.
Lovverk	Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet § 6, siste ledd Pasient og brukarrettighetslova § 2-1
Kriterium/vurdering	• Søkar må bu og vera folkeregistrert i Hå kommune. • Vurdera om nåverande bustad kan tilretteleggast slik at søkar kan bu heime lenger. • Søkar må ha eit varig omfattande behov for helse- og omsorgstenester grunna fysisk eller kognitiv funksjonsnedsetting. • Tildelinga skal førebygga behov for langstidsopphald i institusjon. • Det er behov for tekniske hjelpemiddel som ikkje kan brukast i eigen bustad. • Når søkar ikkje kan motta heimetenester av hensyn til dei tilsette sin HMS.
Eigenandel	Det må betalast husleige per månad

3.0 Kriterium for tenester levert av psykisk helse og rusvern



3.1. Psykisk helsearbeid - rusvern

Tenestebeskriving	Tenesta psykisk helsearbeid og tenesta rusvern er for personar som har behov for nødvendig helsehjelp knytta til si psykiske helse eller rusutfordring. Det inneber at personen treng hjelp utover fastlege, familie og nettverk. Tenesta kan omfatta: • Meistringsorienterte samtalar • Deltaking i ansvarsgruppemøter, koordinering av tenester, Individuell Plan (IP) • Medisinhandtering/LAR-utdeling • Samarbeid med pårørende og samarbeidspartnarar • Rettleia sjølvhjelp (assistert sjølvhjelp) i kombinasjon med individuelle samtalar. • Tilvisning til spesialisthelseteneste rus (TSB) • Lågterskel tilbod utan vedtak: - Meistringskurs - KiB-kurs (Kurs i belastningsmeistring) • Bustadsosial oppfølging • Tunet Brukarstyrte senter - Ulike aktivitetar - Turgruppe - Prosjekt Arbeid
Føremål	Tenesta skal fremma sjølvstende og evne til å meistra eige liv med utgangspunkt i brukaren sine ressursar, ønske og mål. Gje personar med psykiske vanskar, psykisk sjukdom og rusutfordring rett hjelp til rett tid. Tenesta er frivillig og blir ikkje gitt utan at bruker sjølv ønsker hjelp.
Målgruppe	Personar frå 18 år som har psykiske vanskar eller sjukdom som gir funksjonsnedsetting. Personar frå 13 år kan også få tenester om dette vert vurdert som formålstenleg i samråd med Familiesenteret.
Lovverk	Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 § 3-2 nr 5 og 6 bokstav a jf. Pasient- og brukarrettighetslova § 2-1a 2. ledd.

Kriterium/vurdering	• Søkar må vera over 18 år og ha psykiske vanskar/psykisk liding eller rusutfordring. • Det vert lagt vekt på funksjonsnivå i kvardagen. • Søkar må vera motivert til å få hjelp. • Brukarar med barn vert prioriterte. Medisinske opplysingar frå fastlege vert innhenta ut frå vurdert behov.
Eigenandel	Det er ingen eigenandel for tenesta.

3.2. Støttekontakt

Tenestebeskriving	Ein støttekontakt hjelper ein annan person til ei meir meningsfylt fritid gjennom sosialt samvær og ulike aktivitetar. Støttekontakt vert tildelt med eit timetal pr. veke. Det vil vanlegvis verta gitt 10 timar pr månad med støttekontakt.
Føremål	Tenesta skal bidra til å auka brukaren si oppleving av livskvalitet gjennom sosial kontakt og samvær med andre. Det skal kunna gi den enkelte noko å sjå fram til, og noko å støtta seg til ved deltaking i aktivitetar utanfor heimen. Støttekontakten har inga spesiell fagbakgrunn, men hjelper brukaren til å kunna takla ulike livssituasjonar betre og å omgåast andre menneske i større grad.
Målgruppe	Personar som har sterkt begrensa nettverk på grunn av psykiske vanskar/psykisk sjukdom, eller rusutfordring og/eller har behov for støtte til å meistra fritidsaktivitetar eller deltaking i sosiale fellesskap.
Lovverk	Pasient- og brukerrettighetslova § 2 – 1, bokstav a andre ledd Helse- og omsorgstjenestelova § 3 – 2 første ledd, punkt 6, bokstav b
Kriterium/vurdering	Tilbodet vert vurdert til personar som har: • Sterkt begrensa nettverk som følge av psykiske vanskar, psykisk sjukdom og/eller rusbruk. Det vert gjort ei vurdering av behovet for tenesta, og andre aktuelle tilbod (frivillige og kommunale) vil verta vurdert. Personar med innvilga heildøgnsomsorg vert i hovudsak ikkje innvilga støttekontakt. Medisinske opplysningar frå fastlege vert innhenta ved behov.
Eigenandel	Det er inga eigenandel for tenesta

3.3. Treningskontakt

Tenestebeskriving	Ein treningskontakt hjelper ein annan person til ei meir meningsfull fritid gjennom aktivitet/trening. Treningskontakt vert tildelt med eit visst timetal pr. veke og oppdraget vert gitt i ein tidsavgrensa periode.
Føremål	Motivera til fysisk aktivitet og trening. Treningskontakten skal støtta opp om brukar sine ønske og behov og rettleia slik at brukar skal koma i gang med treninga på eiga hand.
Målgruppe	Personar over 18 år som har utfordringar med den psykiske helsa si og/eller rusmisbruk, som har eit ønske om trening som førebygging, og som treng omfattande støtte til å vera i aktivitet.
Lovverk	Pasient- og brukarrettighetslova § 2-1 a andre ledd jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav b
Kriterium/vurdering	• Søkar må vera over 18 år. • Søkar må ha psykiske vanskar/psykisk sjukdom, rusutfordring. • Søkar må ha eit ønske om å bruka trening og fysisk aktivitet i behandling og førebygging av sjukdom. • Søkar klarar ikkje nytta seg av andre tilbod som turgruppe ved Tunet Brukarstyrte senter eller Frisklivsentralen Medisinske opplysningar frå fastlege vert innhenta ved behov.
Eigenandel	Treningskontakt er gratis.

3.4. Kommunal bustad – vanskelegstilte på bustadmarknaden

Tenestebeskriving	Om du er utan eigna bustad og ikkje er i stand til å skaffa bustad sjølv, kan du søka om å leiga kommunal bustad. Det må vera økonomiske, helsemessige eller sosiale forhold som gjer at du ikkje klarer å skaffa deg ein stad å bu.
Føremål	Kommunale bustader er ikkje ein lovbestemt rett, men kommunen skal førebygga bustadsosiale utfordringar og bidra til at vanskelegstilte på bustadmarknaden skal få bistand til å skaffa seg og behalda ein eigna bustad.
Målgruppe	Vanskelegstilte på bustadmarknaden er personar som ikkje kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden, og derfor treng bistand til å skaffa eller behalda ein eigna bustad. Prioriterte personar vil vera: • Foreldre/einslege med barn buande fast 50 % eller meir i hushaldet. • Personar som strevar med rus, har psykiske helseutfordringar, eller store sosiale vanskar. • Personar med fysisk eller psykisk funksjonsnedsetting. • Personar som over lengre tid har strevd med å koma inn på bustadmarknaden. • Personar som er omfatta i særskilde avtalar mellom kommune og andre instansar.
Lovverk	Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet § 6, siste ledd
Kriterium/vurdering	• Kun for innbyggjarar registrert med folkeregister adresse i Hå kommune, og som har opphald seg i kommunen i minimum 6 månader. • Kun personar utan formue og med låg inntekt over lengre tid. I tillegg skal desse forhalda vurderast: - Familieforhold - Historikk på leigemarknaden: tidlegare leigeforhold, moglegheit til å skaffa ny bustad på eigahand, evna til å oppretthalda eit leigeforhold over tid.

	Søkarar som er prioriterte vert kun gitt eit tilbod. Søkarar som fell inn under målgruppa, men som ikkje er å betrakta som høgt prioriterte kan setjast på venteliste. Søkarar som får avslag eller ikkje vert sett på prioritert liste og som ikkje anker, har ikkje rett til å få behandla ny søknad før tidlegast eit år med mindre det føreligg nye avgjerande opplysningar. For søkar som vert kasta ut av husvære tildelt av kommunen, kan det innførast karantenetid på inntil eitt år. Søkarar som får avslag på søknad om bustad, kan få tilbod om rettleiing med hensyn til å koma seg ut på den private leigemarknaden, eventuelt kjøpa husvære/bustad. Kriteriuma gjeld for kommunalt eigde- og innleigde bustader, samt bustader ved Klokkartunet.
Eigenandel	Leigetakar må betala husleige etter gjeldande satsar som kommunestyret fastset. I tillegg kjem straum, renovasjon og andre utgifter som normalt fell inn under ei husholdning.

3.5. Institusjon langtidsopphald, Vinkelbygget

Tenestebeskriving	Institusjonsopphald ved Vinkelbygget er eit frivillig tilbod for personar som har døgnkontinuerleg behov for oppfølging av psykisk helse og/eller rusutfordring. Recoveryperspektivet ligg til grunn for tenesteytingen. Miljøterapien er individorientert, har basis i det relasjonelle samarbeidet og perspektivet er forankra i kva brukaren treng, og kva som er viktigast for brukaren sine meistrings- og betringsprosessar. Vinkelbygget samarbeider med andre faggrupper, pårørande og nettverk for å sikra at tenestetilbodet vert tilrettelagt, med respekt for den enkelte sin integritet og verdighet. Det er også tilsynslege tilknytta avdelinga.
Føremål	Gje eit forsvarleg helse- og omsorgstilbod som kan styrka myndiggjering, identitet og fremma håp. Tilrettelegga for meistring og oppleving av eit meningsfylt og godt liv.
Målgruppe	Personar over 18 år med alvorleg psykisk lidning og/eller rusutfordring, som ikkje lenger meistrar daglege gjeremål eller å bu for seg sjølv.
Lovverk	Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd § 3-2 første ledd nummer 6 bokstav c og d. Pasient- og brukarrettighetslova § 2-1a andre ledd §2-1 e første ledd.
Kriterium/vurdering	Før søknad kan innvilgast, må følgande vera avklart: • Tenester i heimen skal vera vurdert og/eller prøvd før søknad vert innvilga. • Korttidsopphald i institusjon skal vera vurdert eller prøvd før søknad vert innvilga. • Brukar må gi sitt samtykke til at tenesta vert iverksett. • Dersom søkar er utan samtykkekompetanse, kan næraste pårørande, verge eller fullmektig søka. • Funksjonstapet må verta vurdert til å vera av langvarig karakter.

Eige ansvar ved tildeling av plass	Ved søknad om langtidsopphald skal det føreligga: • Signert eigensøknad/samtykke. • Informasjon om livshendingar og erfaringar, inkludert oppdatert IPLOS. • Medisinske opplysningar frå fastlege og/eller spesialisthelsetenesta vert innhenta ved behov. I tenesta inngår ikkje: • Alternative behandlingsformer som akupunktur, healing med meir. • Helsekostprodukt kan berre nyttast i samråd med tilsynslege, og bebuar må betala for dette sjølve. Ved endring i funksjonsnivå eller ved organisatoriske behov kan det vera aktuelt at innvilga teneste vil verta gitt ved anna avdeling/institusjon. Varsel om slikt vil så langt det let seg gjera verta varsla i noko tid før iverksetting. Dialog undervegs er prioritert, dersom ein ser at slik overflytting kan verta aktuelt. • Personlege eigedelar. • Utgifter til fotpleie og frisør • Kontantar/pengar • Hygieneartiklar og anna utstyr til personleg hygiene, til dømes barbermaskin og hårførnar • Personar i institusjon har rett til å nytta eigen lege eller tannlege, men må då dekkja utgifter til dette sjølv (honorar og transport). Fylgje til desse tenestane må ein ordna sjølv. • Fylgje til sjukehusbehandling som er forordna av tilsynslege skjer i eit samarbeid mellom pårørande og Vinkelbygget. I hovudsak er dette pårørande sitt ansvar.
Eigenandel	Det vert rekna vederlag etter forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester for fast plass på institusjon.

3.6. Kortidsopphald Vinkelbygget

Tenestebeskriving	Korttidsopphald er eit frivillig tidsavgrensa opphald i institusjon med heildøgns helse- og omsorgstenester. Recoveryperspektivet ligg til grunn for tenesteytinga. Opphaldet har eit tverrfagleg og målretta fokus, og tenestetilbodet tilrettelegges med respekt for den enkeltes integritet og verdighet.
Føremål	Styrka sjølvkjensla, motivera til best mogleg meistring, funksjon, og sosial deltaking i samfunnet. Ta ansvar for eige liv.
Målgruppe	Personar over 18 år med alvorleg psykisk lidning og/eller rusutfordring, som ikkje meistrer daglege gjeremål eller å bu for seg sjølv akkurat nå.
Lovverk	Pasient- og brukarrettighetslova § 2-1 a andre ledd jf. helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c.
Kriterium/vurdering	Fastlege/tilsynslege skal ha hatt tilsyn og vurdert søker sin somatiske og psykiske helsetilstand med tanke på: • Avklara at søker ikkje er suicidal • Observasjon- og hjelpebehov • Mål for opphaldet/behandlingsplan • Antatt varighet på opphaldet • Medisinansvar og oppdatert legemiddelliste
Eigenandel	Det er krav om eigenandel for rehabiliteringsopphald, vederlagsbetaling etter forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester som betaling for langtidsopphald etter 60 dagar.

3.7. Omsorgsbustad, Vinkelbygget og Hybelhuset

Tenestebeskriving	Bustad for personar med psykiske lidningar og/eller rusutfordring, som har behov for heildøgns omsorg tilknytta fast personell. Recoverypersepektivet ligg til grunn for tenesteytinga. Tenestene vert utforma og levert med tanke på individuelle vedtak.
Føremål	Å gi eit forsvarleg helse- og omsorgstilbod som styrkar myndiggjering, identitet og fremmar håp. Styrke sjølvkjensla, motivera til meistring, funksjon og sosial deltaking i samfunnet. Ta ansvar for eige liv.
Målgruppe	Personar over 18 år med alvorleg psykisk lidning og/eller rusutfordring, som ikkje meistrer daglege gjeremål, og treng ekstra støtte for å bu for seg sjølv.
Lovverk	Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet § 6, siste ledd Pasient og brukerrettighetsloven § 2-1a
Kriterium/vurdering	• Søkar må vera over 18 år og folkeregistrert i Hå kommune. • Søkar må ha behov for helse- og omsorgstenester, og kan ikkje lenger bu i eigen heim med ambulerande tenester. • Det å flytta kan bidra til at søkar kan få betra helsetilstand eller funksjonsevne. • Korttidsopphald i institusjon skal vera vurdert eller prøvd før søknad vert innvilga. • Søkar må samtykka til å motta helsetenester. Ved søknad om omsorgsbustad skal det føreligga: • Signert eigensøknad/samtykke • Informasjon om livshendingar og erfaringar, inkludert oppdatert IPLOS. Medisinske opplysningar frå fastlege og/eller spesialisthelsetenesten vert innhenta ved behov.

Eigenandel	Husleige etter egne satsar sett av Kommunestyret.
-------------------	---

4.0 Kriterium for tenester levert av enhet for funksjonshemma



4.1. Heimesjukepleie bustad

Tenestebeskriving	Heimesjukepleie er nødvendig helsehjelp som vert levert i tenestemottakar sin heim. Det kan vera tverrfagleg samarbeid med andre tenester for å sikra rett kompetanse og rett hjelp. Målet med å levera heimesjukepleie er å sikra naudsynt helsehjelp og å leggja til rette for at den det gjeld skal få bu heime lengst mogleg. Tenesta omfattar: • Naudsynt fysisk trening (ikkje opptrening). • Hjelp til naudsynt personleg hygiene og stell. • Legga til rette for rettleiing og oppfylging knytta til ernæring. • Legemiddelhandtering. • Oppfylging av fysiske behov og sjukepleieprosedurar. • Naudsynt tilsyn og observasjon. • Pleie og omsorg ved livets slutt. Tenesta omfattar ikkje transport og ledsagar dersom den det gjeld har time hjå lege/spesialist eller andre offentlege kontor, dersom dette ikkje er vurdert som naudsynt helsehjelp.
Føremål	Føremålet med heimesjukepleie er å sikra naudsynt og forsvarleg helsehjelp. Vidare er målet å leggja til rette for at tenestemottakaren opprettheld og/eller forbetrar sitt funksjonsnivå så langt som råd.
Målgruppe	Målgruppa er uavhengig av alder, innbyggjarar som bur eller opprettheld seg i Hå kommune, som er avhengig av hjelp i eigen heim for å få dekkja grunnleggande helse- og omsorgsbehov.
Lovverk	Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 § 3-2 nr. 5 og nr. 6 bokstav a. Pasient- og brukarrettighetslova § 2-1a andre ledd
Kriterium/vurdering	Vurdering av kva du har rett på og kva som er naudsynt helsehjelp, er avhengig av ei konkret vurdering av den einskilde sin medisinske tilstand og funksjonsnivå.

	Denne vurderinga kan innehalda: • Konkret vurdering av medisinsk tilstand. • Konkret vurdering av funksjonsnivå. • Kva kompetanse er forsvarleg for å kunna yta naudsynt helsehjelpa. • Omfang på tenesta. • Lengde på tenesteleveringa – tenesta vert vurdert fortløpande. • At tenesteytinga er forenelig med krav om forsvarleg arbeidsmiljø (fysisk belastning, temperatur, husdyr, røyk med meir). • Kan den det gjeld nytta ordinære tenester som for eksempel fastlege? • Er det vurdert tilrettelegging av bustad, tekniske hjelpemiddel, velferdsteknologi, kvardagsrehabilitering, fysioterapi eller anna form for rehabilitering/opplæring? • Medisinske opplysningar/vurderingar frå fastlege eller andre.
Eigenandel	Det er ikkje eigenandel for heimesjukepleie.

4.2. Praktisk bistand

Tenestebeskriving	Tenesta omfattar bistand til pratisk gjeremål som søkar ikkje klarer å gjera sjølv. Tenesta kan også ta form av tilsyn av om oppgåvene er gjennomført. Tenesta omfattar: • Reingjering av rom som er i daglig bruk, det vil seie bad, toalett, kjøkken, soverom, stove og gang. • Sengereing og skifte av sengetøy etter ordinær standard. • Ordinær vask og handtering av klede. • Handling/hjelp til handling. • Køyning/følgje til naudsynte ærend (lege/tannlege/post/bank/aktivitetar). • Laga mat/måltid. Tenesta omfattar ikkje: • Vedlikehald og servise brukar sin private bil.
Føremål	Føremålet med tenesta er å bidra til at tenestemottakar kan bu i eigen heim så lenge som mogleg, vera så sjølvstendig som råd, førebyggja behovet for andre tenester og kan meistra dagleglivet.
Målgruppe	Målgruppa er innbyggjarar med funksjonsnedsetting og som er avhengig av hjelp for å kunna bu sjølvstendig og meistra dagleglivet.
Lovverk	Pasient- og brukarrettighetslova § 2-1 a andre ledd Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 § 3-2 første ledd nr.6 bokstav b.
Kriterium/vurdering	Denne vurderinga kan innehalde: • Bur tenestemottakar i Hå kommune? • Har søkar eit særskilt hjelpebehov på grunn av ei fysisk/psykisk funksjonsnedsetting? • Har søkar vanskar med å ivareta daglege praktiske oppgåver i heimen? • Er tilrettelegging av bustad, hjelpemiddel/velferdsteknologi, andre tenester eller opplæring vurdert?

	• Har søker tilgang på privat hjelp, eller er del av ein husstand der den totale situasjonen må vera vurdert.
Eigenandel	Det er eigenbetaling for tenesta. Satsane for eigenbetaling vert vedtatt av kommunestyret kvart år og er basert på inntekt.

4.3. Praktisk bistand - opplæring

Tenestebeskriving	Praktisk bistand med opplæring har eit klart mål om å hjelpa innbyggjaren til å verta så sjølvstendig som råd i kvardagen. Tenesta er retta inn mot å gje opplæring i: • Å handtera naudsynte oppgåver i kvardagen. • Å ivareta eiga helse. • Ernæring og ordinær matlaging. • Midlertidig leggja til rette for og vera med på aktivitetar for å sikra ei meningsfylt fritid og auka livskvalitet. Tenesta vert gitt i avgrensa periodar med eit tydeleg mål om at søkar skal mestra oppgåvene sjølv. Kor lenge ein får denne tenesta er ei konkret og individuell vurdering. Dersom målet med opplæringa, ikkje oppnås, skal det vurderast om tenesta skal gå over til praktisk bistand.
Føremål	Føremålet med tenesta er å gjera tenestemottakar så sjølvstendig som mogleg i dagleglivet.
Målgruppe	Mottakar av tenesta må ha potensial for å kunna tilegna seg kunnskap og utvikla meir sjølvstende og ferdigheter. Mottakar av tenesta må kunna bidra i oppgåvene, ut i frå eigne føresetnader.
Lovverk	Pasient- og brukarrettighetslova § 2-1 a andre ledd Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav b.
Kriterium/vurdering	Denne vurderinga kan innehalde: • Bur søkar i eigen heim eller i bustad med bemanning? • Har den det gjeld læringspotensiale? • Kan den det gjeld verta meir sjølvstendig dersom hen tileiknar seg dei aktuelle ferdighetene? • Kan den det gjeld bidra sjølv? Praktisk bistand med opplæring vert vurdert jamnleg, dersom det ikkje er mogleg å tileikna seg dei aktuelle ferdighetene skal praktisk bistand vurderast som

	alternativ teneste. Praktisk bistand er ei betalingsteneste.
Eigenandel	Det er ikkje eigenbetaling for praktisk bistand med opplæring.

4.4. Ambulerande tenester

Tenestebeskriving	Tenesta er basert på heimesjukepleie, praktisk bistand og/eller praktisk bistand med opplæring levert i heimen til den det gjeld. Tenesta kan omfatta: • Tilsyn. • Meistringsorienterte samtalar og rettleiing. • Medisinhandtering eller hjelp med å handtera medisin. • Samarbeid med pårørende og andre samarbeidspartar. • Bustadsosial oppfølging. • Støtte og rettleiing i activities of daily living (ADL).
Føremål	Å bidra til at den det gjeld kan bu for seg sjølv så lenge som råd, oppleve meistring i kvardagen og å førebyggja behovet for tenester høgare opp i tenestetrappa.
Målgruppe	Ambulerande teneste er retta mot innbyggjarar med nedsett funksjonsevne som gjer at det er behov for bistand for å kunna bu og leva så sjølvstendig som mogleg.
Lovverk	Pasient- og brukarrettighetslova § 2-1 a andre ledd jf. Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav b.
Kriterium/vurdering	• Vera busett i Hå kommune. • Søkar må vera over 18 år. • Ha eit særskilt hjelpebehov på grunn av nedsett funksjonsevne. • Det vert lagt vekt på funksjonsnivå i kvardagen. • Søkar må vera motivert til å få hjelp. • Har utfordringar med ADL – ferdigheter. • Bruk av velferdsteknologi og eventuelt andre førebyggjande tenester skal vera vurdert, før det vert innvilga ambulerande tenester. • Dersom søkar bur saman med andre, blir den totale situasjonen for søkar vurdert i tenesteutmålinga. • Søkar sitt nettverk og totalsituasjon er eit viktig vurderingspunkt.

	Medisinske opplysingar frå fastlege vert innhenta ut frå vurdert behov.
Eigenandel	Heimesjukepleie er det ikkje eigenandel på, medan praktisk bistand er ei betalingsteneste. Praktisk bistand med opplæring har ikkje eigenandel.

4.5. Brukarstyrt personlig assistanse (BPA)

Tenestebeskriving	BPA er ei alternativ organisering av praktisk bistand og opplæring for personar med nedsett funksjonsevne, og stort behov for bistand i dagleglivet.
Føremål	Tenesta er ei alternativ organisering av praktisk bistand og opplæring for personer med nedsatt funksjonsevne og stort behov for bistand i dagleglivet, både i og utanfor heimen. BPA skal vera med og sikra eit mest mogleg uavhengig liv. Den sterke brukarstyringa som ligg i arbeidsleiarrolla, gjer at det er stort rom for fleksibilitet og sjølvstende.
Målgruppe	Målgruppa er innbyggjarar med stort og langvarig behov for personleg assistanse. I tillegg kan BPA vera avlastande for føresette som har omsorg for mindreårige barn under 18 og har særskild krevjande omsorgsoppgåver.
Lovverk	Pasient- og brukerrettighetslova § 2 – 1 a andre ledd § 2 - 1 d Helse- og omsorgstjenestelova § 3 – 2 første ledd nr 6 bokstav b, § 3 – 8 Rundskriv BPA – rettighetsfesting
Kriterium/vurdering	Rundskriv I – 9/2015 om rettighetsfesting av BPA, seier at dei som har rett til BPA skal ha/vera: • samansette, omfattande og varige behov for hjelp (2 år eller meir) • behovet for hjelp skal utgjera minst 32 timar per veke, men kan vurderast heilt ned mot 25 timar per veke • under 67 år • skikka til å kunna fungera som arbeidsleiar sjølv, eller ha nærtståande som kan fungera som medarbeidsleiar • BPA fører ikkje til vesentleg auka kostnader for kommunen • må ikkje krevja meir enn ein tenesteytar til stades, eller natt-tenester (med mindre det er kontinuerleg behov for dette) • BPA må bidra til eit meir aktivt og uavhengig liv

	• BPA må vera den mest hensiktsmessige måten å organisera tenesta på • Vil BPA gjera at den det gjeld kan gå på skule eller arbeida? Søkar må bu i kommunen. Det vert gjort ei heilheitleg og individuell vurdering, saman med den det gjeld, av om det er mest hensiktsmessig å gje tenester i form av BPA. Hå kommune er arbeidsgjevar for tilsette assistentar i BPA – ordningar. Tenestemottakar deltek i tilsetting, lager arbeidsplanar og sikrar timelister i samråd med tilsett i kommunen. Det er innhaldet i, og førmålet med bstanden personen har behov for, som vil være avgjørende for om personens tjenestebehov gir grunnlag for rett til BPA.
Eigenandel	Det kan tas eigenandel for praktisk bistand.

4.6. Privat avlastning

Tenestebeskriving	Privat avlastning er ei teneste der andre overtek omsorgsoppgåver anten timebasert eller døgnbasert. Avlastninga kan føregå i den private avlastaren sin heim, eller i omsorgsmottakaren sin heim. Private avlastarar vert fast tilsett i kommunen, men den det gjeld har sterk medverknad i tilsettinga.
Føremål	Føremålet med tenesta er at pårørende skal få avlastning frå særleg tyngande omsorgsarbeid, det er i tillegg eit mål at tenesta skal vera med å leggja til rette for at tenestemottakar skal kunna bu i eigen heim så lenge som mogleg. Avlastning vert gitt til dei som gjev omsorg, ikkje til den som treng omsorg, sjølv om avlastningen inneber at andre overtek omsorga i en periode.
Målgruppe	Pårørende med særlig tyngande omsorgsarbeid.
Lovverk	Pasient- og brukerrettighetslova § 2-1a, § 2 – 8
Kriterium/vurdering	• Den som det ytast omsorg til, må bu i kommunen og bu saman med omsorgsytar. • Den det ytast omsorg til må i utgangspunktet ha omfattande nedsette funksjonsevner, med eit særleg hjelpebehov på grunn av dette. • Omsorgsoppgåvene må vere særlig tyngende. • Det ordinære tjenestetilbudet gjev ikkje tilstrekkeleg avlastning (barnehage, sfo/sfa, andre kommunale tjenester). • Avlastning kan vera med på å sikra at gode familierelasjonar vert oppretthaldt. • Ved delt omsorg må avlastningsbehovet vurderast opp mot den tiden barnet er hos den andre part. • Avlastninga er med på å unngå overbelastning hjå omsorgsgjevar. • Omsorgsbyrden må ikkje innehalda utstrakt nattarbeid med mange avbrudd i nattesøvn. Då må andre tenester vurderast. Kor mange timar eller døgn som vert tildelt, er ei konkret heiltskapleg vurdering i kvar einskild sak.
Eigenandel	Det er ikkje eigenbetaling for tenesta

4.7. Omsorgsstønad

Tenestebeskriving	Omsorgsstønad er økonomisk støtte til innbyggjarar som utfører særleg tyngande omsorgsarbeid for sine næraste. Omsorgsoppgavene må vera oppgåver som ville vore kommunen sitt ansvar dersom dei pårørende ikke gav omsorga.
Føremål	Omsorgsstønad har som føremål å gje pårørende økonomisk støtte fordi de utfører omsorgsoppgaver som er særlig tyngende.
Målgruppe	Omsorgsytere som gir en form for omsorg som er særlig tyngende over tid.
Lovverk	Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1a andre ledd Helse og omsorgstjenesteloven § 3 – 6 nr 3
Kriterium/vurdering	• Omsorga som vert gitt må vera omsorg som ellers ville vore utført i helse og velferd (eks. matlaging, stell, innkjøp, reingjering). • Omsorgsarbeidet må vera særleg tyngande. • Omsorgsoppgåvene må vera vurderte som naudsynte. • Det vert vurdert at det er til det beste for omsorgsmottakar at søkar er den som leverer hjelpa/omsorga. • Omsorgsoppgåver for barn må klart overstiga vanleg omsorg for barn på same alder. • Det må vera søkt om hjelpestønad, søknaden treng ikkje å vera ferdig behandla. • Det skal være til beste for mottaker av tenesta at omsorgen blir gitt av den som søker omsorgslønn. Dersom foreldre gjev helsetjenester, er barnets beste en viktig vurdering. I kvart enkelt tilfelle vert det vurdert om omsorgsarbeidet er særleg tyngande. For å vurdere dette ser me på: • Kor mange timar med omsorgsarbeid har pårørende per månad. • Er omsorgsoppgåva meir fysisk eller psykisk belastende enn det som er normalt?

	• Innebærer omsorgsarbeidet mykje nattarbeid eller avbrudd i nattesøvn? • Omsorgsoppgåvene må krevja omfattande tilsyn, pleie, praktisk og/eller sosial tilrettelegging og strekka seg over tid • Får omsorgsytar avvirket regelmessig fritid og ferie, yrkesaktivitet, familieliv og deltaking i samfunnsaktivitetar og fører eit tilnærma normalt kvardagsliv? Andre viktige faktorar i beslutning og tildeling er: • Behovet for omsorg. • Vurdering av forsvarlighet. • Eventuelt inntektstap. • Omsorgslønn skal ikke erstatte full lønn. • Dersom det er mogleg å nytta kommunale tenester, skal dette tas med i vurderingen. • Omsorgsstønad for omsorg som blir gitt til vaksne – det er omsorgsarbeid som overstiger det som er rimelig å forvente, det kan gjes omsorgsstønad for. • Omsorgsstønad for omsorg som ytes for barn – timeantall skal vera knytta til om omsorgsoppgåvene klart overstig vanlege omsorgsplikttoppgåver.
Eigenandel	Det er ingen eigenandel for tenesta.

4.8. Støttekontakt

Tenestebeskriving	Støttekontakten bistår innbyggjer gjennom sosialt samvær og aktiviteter. Hovedregelen er at det innvilges inntil 4 timer støttekontakt per uke.
Føremål	Føremålet med tenesta er å støtta innbyggjarar i å bryta eit isolert liv, bidra til ei aktiv og meningsfylt fritid, sosial kontakt, å leggja til rette for at innbyggjarar kan få eit sosialt nettverk og at den det gjeld skal kunna leva og bu så sjølvstendig som mogleg og meistra livet så godt som råd.
Målgruppe	Innbyggjarar med funksjonsnedsettingar som gjer at det er vanskeleg å vera i aktivitet åleine, eller som har behov for hjelp og støtte for å meistra aktivitetar og/eller deltaking i sosiale fellesskap.
Lovverk	Pasient- og brukerrettighetslova § 2 – 1, bokstav a andre ledd Helse- og omsorgstjenestelova § 3 – 2 første ledd, punkt 6, bokstav b
Kriterium/vurdering	• Behov for bistand til sosial kontakt på grunnlag av fysisk/psykisk funksjonsnedsettelse. • Behov for sosial trening. • Søkar er ikke selv i stand til å dekke behovet for ei meningsfull fritid. <u>Forhald som ikkje gir rett til teneste:</u> • Hjelpebehov som forventes dekket av foreldre/foresatte, søsken, besteforeldre, samboer/ektefelle eller andre med nær relasjon til søkar. • Behov for praktisk bistand og transport.
Eigenandel	Det er ingen eigenandel for tenesta

4.9. Aktiviteten

Tenestebeskriving	Dagaktivitetstilbodet er ein arena for aktivitet, meistring, sosial deltaking, arbeidsretta trening og aktivitet.
Føremål	Målsettinga er at tilbodet skal vera helsefremmande og førebyggjande. Det er eit tilbod til heimebuande med behov for arbeidstrening, aktivisering, omsorg og tilsyn. Tenesta sitt hovudmål er å gi høve til å bu lengst mogleg i eigen heim. Det kan vidare vera til hjelp i eigenmestring, sosial støtte, aktivisering og opplæring i gjeremål i det daglege. Dag- og aktivitetstilbod kan bidra til å trygga kvardagen for brukarar samt å avlasta pårørande. Dag- og aktivitetstilbod vert gitt for å unngå isolasjon, for å bygga nettverk, få sosial trening og helsefremmjande tiltak.
Målgruppe	Dagtilbod vert gitt til innbyggjarar med funksjonsnedsetting som har behov for varig tilrettelagt tilbod om aktivitet med formål som står over.
Lovverk	Pasient- og brukerrettighetslova § 2 – 1 a andre ledd. Helse- og omsorgstjenestelova § 3 – 3, 3. ledd.
Kriterium/vurdering	• Søkar må vera busett i kommunen. • Søkar må ha varig nedsett funksjonsevne og samansatte behov. Det må vurderast om tilbodet vil bidra til å: • ivareta eigenomsorg, sosial støtte og aktivisering • førebygga behov for omfattande tenester i heimen eller høgare omsorgsnivå • førebygga eller avhjelpa einsemd og isolasjon • førebygga fysisk og psykisk sjukdom • vedlikehalda og/eller forbetra fysiske, psykiske eller sosiale ferdigheter • vera ei avlasting for pårørande • meistra eige liv
Eigenbetaling	Det er krav om eigenbetaling etter satsar gitt av kommunestyret årleg.

4.10. Tilsynstilbod før og etter skule og i delar av skulens ferie og fridagar, for heimebuande ungdom med funksjonsnedsettelse som går på ungdomskule eller vidaregåande skule.

Tenestebeskriving	Tilsynstilbod for foreldre/føresatte til heimebuande ungdom, som har ein funksjonsnedsettelse som innebærer særlig tyngande omsorgsarbeid. Vi har delt inn tilbodet i to ulike tenester: SFOu (skolefritidsordning for ungdomsskulen) • Tilbod til heimebuande ungdom som går på ungdomsskulen, og som har ein funksjonsnedsetting som gjer at ein har behov for tilsyn etter skuletid, samt i skulen sine ferie- og fridagar. • Opningstida er klokka 07.00 til 16.00 på kvardagar. • Ved skulen sine feriedagar er SFOu ope frå klokka 08.00 til 16.00. • SFOu fylgjer skuleruta, og det blir ikke gitt SFOu helg/helligdager eller planleggingsdager. SFOu er stengt i juli måned. • Det er inga garanti for at tenesta vert gjeven på skulen der eleven går. Skulen er ansvarleg for innhaldet i tenesta. Ved feriar er SFO samla på Bø skule på Nærbø. SFA (skulefritidsordning for elever på vidaregåande skule) • SFA er eit tilbod til heimebuande ungdom som går på vidaregåande skule, og som har ein funksjonsnedsetting som gjer at ein har behov for tilsyn etter skuletid, samt i skulen sine ferie- og fridagar. • SFA vert gjeve ved Skjeraberget avlastningsbustad. • SFA er stengt i høytider og juli måned.
Føremål	Føremålet er at omsorgsytar som er i jobb, skal få avlastning frå særleg tyngande omsorg oppgåver slik at omsorgsyter skal kunne stå i ordinær jobb.
Målgruppe	Foreldre/føresette til ungdom som går på ungdomsskulen/vidaregåande skule, med nedsatt funksjonsevne og særlig tyngande omsorgsbehov som bur saman med foreldra/føresette, som trenger tilsyn før og etter skuletid og i skulen sine ferie og fridager.

Lovverk	Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 første ledd, § 3-2 første ledd nr.6 bokstav b § 3-6 nr 2. Pasient- og brukerrettighetslova § 2 – 1 a andre ledd
Kriterium/vurdering	Tilbudet vert vurdert ut frå følgande: • Ungdommen går på ungdomskule eller vidaregåande skule og bur i Hå kommune. • Ungdommen treng tilsyn på grunn av foreldre/føresatte kan stå i ordinært arbeid. • Tildeling av tenesta vert gjeve etter ei individuell og fagleg vurdering, som eit enkeltvedtak. • Omsorgsoppgåva skal vera fysisk eller psykisk krevjande. • Omsorgsoppgåva skal vara over tid (månader/år). Medisinske opplysningar frå fastlege kan verta innhenta.
Eigenandel	Det er ikkje eigenbetaling. Det kan tas betaling for mat.

4.11. Omsorgsbustad

Tenestebeskriving	Omsorgsbustad er ein tilrettelagt bustad for personar med behov for helse og omsorgstenester. I enhet for funksjonshemma har me omsorgsbustader som er ein del av eit bukollektiv med eiga bemanning, og omsorgsbustader som ikkje har eige personell.
Føremål	Sikra bustad til innbyggjarar i målgruppa som har behov for naudsynt helsehjelp og praktisk bistand, og som ikkje lengre kan bu i eigen heim med tilrettelegging eller kan ivareta sine eigne interesser på bustadmarknaden.
Målgruppe	<i>Omsorgsbustad med personell:</i> Innbyggjarar med nedsett funksjonsevne med behov for tilsyn og hjelp av så omfattande karakter at det ikkje kan dekkast av ambulerande tenester i eigen- eller foreldreheim eller omsorgsbustad utan personell. <i>Omsorgsbustad utan personell:</i> Innbyggjarar med nedsett funksjonsevne med behov for tilsyn og hjelp som kan leverast av ambulerande tenester. Har ikkje behov for kontinuerleg eller omfattande tilsyn og hjelp.
Lovverk	Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet § 6, siste ledd Pasient og brukerrettighetslova § 2-1a
Kriterium/vurdering	• Søkar må vera over 18 år. • Søkar må ha folkeregistrert i Hå kommune. • Heimen kan ikkje tilretteleggast slik at søkar kan bu heime lengre. • Søkar er vurdert å ikkje kunna skaffa seg ein meir eigna bustad sjølv, eller med bistand. • Søkar må ha omfattande og varig funksjonsnedsettelse og behov for helse- og omsorgstenester. • Søkar kan ikkje flytta til ein meir eigna bustad privat. • Det å flytta kan bidra til at søkar kan få betra helsetilstand eller funksjonsevne.

	Kartlegging danner grunnlag for vurdering av buform - vurderingspunkt i kartlegging kan vera: • Kartlegging av søkar si fysiske og psykiske funksjonsevne i henhold til funksjonsvariabler registrert i IPLOS. • Nettverkskartlegging • Det må foreligga eit konkret omfattande hjelpebehov ut fra fysiske, kognitive og medisinske faktorer • Vurdering av eigenomsorg; opprettholdelse og videreutvikling av eigenomsorg og ferdigheter. • Er andre tenester aktuelle? • Kva type omsorgsbustad er mest formålsteneleg for å sikra at søkar på sikt kan tileigna seg ferdigheiter til å kunna klara seg sjølv og leva sjølvstendige liv så langt som råd. • Vurdera evne til eigenomsorg, helsetilstand, nettverk, omsorgsevne og nåverande buforhold • Kunne nyttiggjera seg det sosiale tilbodet omsorgsbustad/bukollektiv gjev Behovet for tenester, tilsyn eller tilstedeværelse hele døgnet eller med jevne mellomrom.
Eigenandel	Husleige etter egne satsar sett av Kommunestyret.

4.12. Avlastning i institusjon (avlastningsbustad for barn og unge)

Tenestebeskriving	Avlastning i institusjon er ei teneste der kommunen overtek omsorgsoppgåver anten timebasert eller døgnbasert
Føremål	Føremålet med tenesta er at pårørende skal få avlastning frå særleg tyngande omsorgsarbeid, i tillegg skal tenesta bidra til at omsorgsmottakar skal kunna bu heime så lenge som mogleg. Avlastning vert gitt til dei som gjev omsorg, ikkje til den som treng omsorg, selv om avlastningen inneber at andre overtek omsorga i en periode.
Målgruppe	Pårørende med særleg tyngande omsorgsarbeid.
Lovverk	Pasient- og brukerrettighetslova § 2 -1 a § 2 – 8 Helse- og omsorgstjenestelova § 3 – 6, nr. 2
Kriterium/vurdering	• Den som det ystast omsorg til, må bu i kommunen og bu saman med omsorgsytar. • Den det ystast omsorg til må i utgangspunktet ha omfattande nedsette funksjonsevner, med eit særleg hjelpebehov på grunn av dette. • Omsorgsoppgåvene må vere særlig tyngande. • Det ordinære tenestetilbodet gjev ikke tilstrekkeleg avlastning (barnehage, sfo/sfa, andre kommunale tenester). • Avlastning kan vera med på å sikra at gode familierelasjonar vert oppretthaldt. • Ved delt omsorg må avlastningsbehovet vurderast opp mot den tiden barnet er hos den andre part. • Avlastninga er med på å unngå overbelastning hjå omsorgsgjevar. • Omsorgsbyrden må ikkje innehalda utstrakt nattarbeid med mange avbrudd i nattesøvn. Då må andre tenester vurderast. Kor mange timar eller døgn som vert tildelt, er ei konkret heiltskapleg vurdering i kvar einskild sak. Avlastning kan også leverast i heimen som privat avlastning. Det vil vera ei individuell vurdering i kvar

	sak om avlastninga skal leverast i heimen eller i institusjon.
Eigenandel	Det er ikke eigenandel for avlastning i institusjon

4.13. Transport til avlastning i institusjon (barn og unge)

Tenestebeskriving	Dei som har fått tildelt avlastning i institusjon har rett til å få vurdert om dei også har rett til transport til og frå institusjonen.
Føremål	Sikra transport til og frå tildelt avlastning i institusjon.
Målgruppe	Føresette til barn som har fått tildelt avlastning i institusjon og som har faktisk og praktisk behov for transport til og frå avlastningsboligen.
Lovverk	Brev fra tidligere Sosial- og helsedepartementet av 6.9.1996 Uttalelse Helsedirektoratet Rundskriv I-1/94 til lov om sosiale tjenester m v,
Kriterium/vurdering	Moment til vurdering: • Er den avlastningstrengande åleineforsørgar? • Har den føresatte ansvaret for fleire barn? • Kor stor er avstanden mellom heimen og avlastningsbustaden? • Kor gammalt er barnet? • Kor sjølvstendig er barnet? • Har mottakar eit legitimt behov for faktisk og praktisk transportbistand? • Reduserer trasportoppgåva effekten av avlastninga? Kostnader for dei det gjelder, er ikkje ein del av behovsvurderinga.
Eigenandel	Det er ikkje eigenbetaling.

4.14. Barnebustad – institusjonsplass for barn og unge

Tenestebeskriving	Barnebustad er ei buform for barn og unge under 18 år som har store og samansette funksjonsnedsettingar, som ikkje lengre kan bu heime. Kommunen overtek den daglege omsorga for barnet/den unge. Dei føresette beheld foreldreansvaret og skal involverast i den grad det er naturleg. Dei føresette samtykker til tildelinga av barnebustad. Dersom barnet/den unge er under offentlig omsorg ved tildeling av tenesta, er det omsorgskommunen som må samtykka.
Føremål	Ivareta barnet/den unge sitt behov for heildøgns helse- og omsorgstenester.
Målgruppe	Målgruppa er barn og unge med store og samansette funksjonsnedsettingar, som ikkje på forsvarleg måte, kan få dekkja sitt daglege behov for helse og omsorgstenester i eigen heim.
Lovverk	Pasient- og brukerrettighetslova § 2 – 1 a andre ledd. Helse- og omsorgstjenestelova § 3-2 første ledd nr. 6 bostav c. Forskrift om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon § 1 bokstav a
Kriterium/vurdering	• Barnet/den unge må ha svært alvorlege funksjonsnedsettingar og/eller alvorleg sjukdom. • Barnet/den unge må ha behov for omfattande helse- og omsorgstenester gjennom heile døgnet. • Omsorgsbehovet må klart overstiga det som er forventa av føresette (særs tyngande omsorgsoppgåver av utstrakt grad). • Det må vera vurdert at institusjonsplass er til det beste for barnet.
Eigenandel	Kommunen dekker alle utgifter til livsopphald. Har barnet som oppheld seg i institusjon sjølvstendig inntekt, kan kommunen kreva eigenandel. Foreldrenes inntekts- og formuesforhald skal haldas utanfor eigenandelsberegningen.

5.0 Kriterium for tenester på sjukeheim



5.1. Institusjon langtidsopphald

Tenestebeskriving	Institusjonsopphald er for personar med eit omfattande og samansett hjelpebehov. Dette kan vera: • døgnkontinuerleg behov for medisinsk oppfølging • omfattande pleiebehov • behov for omsorgstenester i stor grad Tenestene kan ikkje verta gitt, eller er utfordrande å gje i eigen heim.
Føremål	Gje eit forsvarleg helse- og omsorgstilbod til dei som ikkje kan bu i eigen bustad.
Målgruppe	Personar som er varig ute av stand til å ta vare på seg sjølv og som ikkje lenger meistrar daglege gjeremål. Dette kan vera på grunn av mentalt eller fysisk funksjonstap. Personar som ikkje kan få dekkja sitt daglege behov for helsetenester på eit fagleg forsvarleg nivå på anna vis. Dette er tenester i eigen heim eller anna kontekst med lågare omsorgsnivå.
Lovverk	Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd § 3-2 første ledd nummer 6 bokstav c § 3-2 a første ledd Pasient- og brukarrettighetslova § 2-1 andre ledd § 2-1 e første ledd
Kriterium/vurdering	Før søknad kan innvilgas skal følgande vera avklart: • Tenester i heimen skal vera vurdert og/eller prøvd. • Tidsavgrensa opphald i institusjon skal vera vurdert og/eller prøvd. • Søkar gjer samtykke til at tenesta vert iverksett. • Dersom søkar er utan samtykkekompetanse kan næraste pårørande, verge eller fullmektig søka. • Funksjonstapet må verta vurdert til å vera av varig karakter. Ved søknad om langtidsopphald skal det føreligga:

5.2. Institusjon langtid, sambuargaranti

Tenestebeskriving	Institusjon langtidsopphald som vert gjeve til ektefelle eller sambuar til person som er innvilga slik teneste.
Føremål	Gje sambuande par og ektefeller høve til å bu i lag sjølv om den eine ikkje kan bu heime lenger.
Målgruppe	Ektefelle eller sambuar til personar med innvilga langtidsopphald i institusjon.
Lovverk	Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2a, andre ledd Pasient- og brukarrettighetslova § 2-1a andre ledd og 2-1 e første ledd
Kriterium/vurdering	• Søkar må vurderas til å kvalifisera til tenesten korttidsopphald i institusjon. • Samboergaranti føreset at ein bur saman med aktuell ektefelle/ sambuar på same rom. • Sambuargaranti kan ikkje nyttas dersom slik sambuing ikkje er aktuell. • Grunnlaget for tenesta fell vekk dersom ektefelle/sambuar fell frå. Det vil då gjerast vurdering om langtidsopphald vert innvilga på eige grunnlag med bakgrunn i helsetilstand og hjelpebehov, eller om utskriving vert aktuelt. Ved endring i funksjonsnivå til sambuar/ektefelle, eller ved organisatoriske endringar vil det vera aktuelt at innvilga teneste vil verta gitt ved anna avdeling/ institusjon. Varsel om slikt vil så langt det let seg gjera verta varsla i noko tid før iverksetjing. Ein tilstreber å vera i dialog undervegs, dersom ein ser at slik overflytting kan verta aktuelt.
Eige ansvar ved tildeling av plass	• Personlege eigedelar tenestemottakar tek med på sjukeheimen. • Forsikring av slike eigedelar, til dømes høyreapparat, mobiltelefon, andre verdisaker/ innbu. • Dekka utgifter ved skade på ovannemd utstyr. • Utgifter til fotpleie og frisør. • Midlar til kjøp ein vil føreta seg. • Privat tøy må vera merka. Tøyet må tola vask i vaskemaskin og bruk av tørketrommel.

I tenesta inngår ikkje:	Ullundertøy vert vaska på eigna måte, men fine ullklede kan det ikkje tas ansvar for. • Hygieneartiklar og utstyr til personleg hygiene, til dømes barbermaskin og hårførar . • Personar i institusjon har rett til å nytta eigen lege eller tannlege, men må då dekkja utgifter til dette sjølv (honorar og transport). Fylgje til desse tenestane må ein ordna sjølv. • Fylgje til sjukehusbehandling som er forordna av tilsynslege skjer i eit samarbeid mellom pårørande og sjukeheimen. I hovudsak er dette pårørande sitt ansvar. • Alternative behandlingsformer som akupunktur, healing med meir. • Helsekostprodukt. Desse må bebuar må betala for sjølve. Dei kan og berre nyttast i samråd med tilsynslege.
Eigenandel	Det vert rekna vederlag etter forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester for fast plass i sjukeheim

5.3. Kortidsopphald rehabilitering

Tenestebeskriving	Rehabiliteringsopphald er eit tidsavgrensa opphald i institusjon med heildøgns helse- og omsorgstenester. Opphaldet føregår i avdeling som har særleg tilrettelagde rehabiliteringstenester. Tenesta vert i hovudsak gitt som eit eingangsopphald, men kan i særlege tilfeller gjes som eit rullerande tilbod kvar fjerde veke. Rehabiliteringsopphald har eit tverrfagleg og målretta fokus, der eigenmestring er eit viktig prinsipp.
Føremål	Rehabilitering er ei tidsavgrensa teneste som gir assistanse/bistand til den enkelte sin eigeninnsats, for å oppnå best mogleg funksjon, meistring, likeverd og sosial deltaking i samfunnet. • Tenesta gis til personar som har behov for rehabilitering grunna medfødt eller erverva funksjonshemming eller kronisk sjukdom • Den som står i fare for å utvikla varig funksjonshemming eller kronisk sjukdom • Den som har vanskar med å oppretthalda/meistra kvardagsaktivitetar i eigen heim.
Målgruppe	Rehabilitering i institusjon kan vera eit tilbod til • Personar der rehabilitering utanfor institusjon ikkje er nok, eller som eit tilbod i ein lengre rehabiliteringsprosess. • Personar som har behov for tverrfaglege, koordinerte tenester for å forbetra eller vedlikehalda sitt funksjonsnivå og oppleving av sjølvstende og meistring • Personar som av helsemessige årsaker, buforhold, utryggheit i eigen heim, risiko for fall og liknande, ikkje kan gis nødvendig oppfølging og trening i eigen heim. Søkar må vera motivert for eigeninnsats i daglege gjeremål, opptrening av generell funksjonsevne samt trening med fysioterapeut eller andre i tverrfagleg team.

Lovverk	Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd § 3-2 første ledd nummer 5 Pasient- og brukarrettighetslova § 2-1 andre ledd § 2-1 e første ledd
Kriterium/vurdering	• Kvardagsrehabilitering eller andre rehabiliteringstiltak i heimen eller på andre arenaer er ikkje tilstrekkelege eller hensiktsmessige. • Kan vera del av ein lengre rehabiliteringsprosess. • Søkar må vera motivert for rehabilitering. • Det må fagleg verta vurdert at søkar har rehabiliteringspotensiale.
Eigenandel	Det er krav om eigenandel for rehabiliteringsopphald, vederlagsbetaling etter forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester som betaling for langtidsopphald etter 60 dagar.

5.4. Korttidsopphald anna føremål (utredning, kartlegging, behandling, lindrande rom)

Tenestebeskriving	Tidsavgrensa opphald i institusjon med heildøgns helse- og omsorgstenester. Tilbod til søkar som på grunn av sjukdom eller endring i livssituasjon har behov for kartlegging, og/eller behandling.
Føremål	Tenester til personar som for ein kortare periode har omfattande behov for helse – og omsorgstenester eller behov for kartlegging/utredning og behandling. Tilbod om lindrande behandling ved alvorleg sjukdom eller ved livets slutt.
Målgruppe	Kan vera eit tilbod til: • Personar som har omfattande behov for helse – og omsorgstenester, og der heildøgns tidsavgrensa opphald i institusjon vil vera best eigna. • Pasientar med behov for palliative helse- og omsorgstenester på institusjon. Dette kan vera i livets siste fase eller som symptombehandling i palliativ fase.
Lovverk	Pasient- og brukarrettighetslova § 2-1 a andre ledd jf. Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c.
Kriterium/vurdering	<i>Behandling/kartlegging:</i> • I ein overgangsperiode der det er behov for medisinsk behandling og omsorg ved sjukdom, kartlegging og observasjon, samt etterbehandling/oppfølging etter sjukehusopphald. • Behov av kortare eller forbigåande karakter på grunn av eigen sjukdom, eller på grunn av at nær omsorgsperson som til dagleg gir omsorg sjølv blir akutt sjuk. • Kartlegging for å avklara funksjonsnivå for å kunna planlegga framtidige tenester og tenestenivå. <i>Lindring:</i> • Søkar har behov for kartlegging og symptomlindring av fysisk, psykisk, sosial eller åndeleg/eksistensiell art.

	• Oppdaterte legeopplysningar må føreligga. • Pasientar som er i eit palliativt forløp, med avklart behandlingsintensitet, vert melde i fagteam dersom ein vurderer at intitusjonsopphald vert aktuelt. • Palliativ pasient får iverksett tenesta seinast innan 24 timar etter at behov er meld og søknad er vurdert til å verta innvilga.
Eigenandel	Det er krav om eigenandel for rehabiliteringsopphald, vederlagsbetaling etter forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester som betaling for langtidopphald etter 60 dagar.

5.5. Avlastning i institusjon sjukeheim

Tenestebeskrivelse	Tidsavgrensa opphald i institusjon med mål om å avlasta næraste pårørande eller andre som til dagleg utfører omfattande omsorgsarbeid. Tenesta vert gitt i langtidsavdeling.
Føremål	At omsorgsyttar skal få avlastning frå særleg tyngande omsorgsarbeid.
Målgruppe	Vaksne med omfattande omsorgsbehov heile døgnet, der heimetenester ikkje kan avlasta pårørande tilstrekkeleg.
Lovverk	Pasient- og brukarrettighetslova § 2-1 a andre ledd § 2-8 Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 § 3-6 punkt 2.
Kriterium/vurdering Forhold til vurdering	• Personen må samtykka til avlastingsopphald i institusjon. Dersom personen ikkje er samtykkekompetent, er det omsorgsyttar/pårørande/verge som samtykker på vegne av vedkomande. • Omsorgsgjevar må fortrinnsvis dela bustad med den ein søker avlastning for. • Ein må som hovudregel ha innvilga heimetenester frå før. • Auke av tenester i heimen må som hovudprinsipp vera prøvd ut. • Eksisterande heimetenester vert vurdert til å ikkje vera tilstrekkeleg. • Andre tiltak som er mindre omfattande enn innlegging i institusjon må vera vurdert. • Omsorgsoppgåva skal vera vurdert som særleg tyngande: - fysisk eller psykisk krevande. - vart over tid, (månader/år). - inneber nattarbeid eller avbrot i nattesøvn. - er kontinuerleg eller skjer i periodar. - fører til sosial isolasjon og mangel på ferie og fritid. • Dersom avlastningsbehovet/ omfanget av omsorgsoppgåver er uklart kan ein tilby

	kartleggingsopphald med avklaring av dette som målsetjing.
Eigenandel	Det vert ikkje kravd eigenbetaling for avlastingsopphald.

6.0 Andre tenester som ikkje krev vedtak/lågterskeltilbod



Teneste:	Beskriving:
Fysioterapi	Fysioterapi kan vera forebyggjande helsearbeid, behandling av sjukdom eller skade. Fysioterapeuten undersøker og behandlar. Det er også mogleg å delta i gruppetrening og få råd og rettleiing. Det er ei eigenandel for fysioterapi. Barn under 16 år og personar med godkjent yrkesskade betalar ikkje eigenandel.
Ergoterapi	Innbyggjarar med nedsatt fysisk funksjonsevne og utfordringar knytta til meistring av daglege gjeremål, kan få ergoterapitenestar. Ergoterapeuten hjelper med hjelpemiddel og tilpassing av heimen. Målet med ergoterapi er å hjelpe innbyggjaren til å verta meir sjølvstendig i eige liv og klara så mykje som mogleg sjølv. Ergoterapi er gratis.
Friskliv	Frisklivssentralen tilbyr støtte og rettleiing til å endra levevanar, primært innan områda fysisk aktivitet, kosthald, søvn og tobakk. Oppfølgingen kan vera i form av ulike gruppetilbod, eller individuell samtale. Frisklivssentralen skal ha ein oversikt over helsefremjande og førebyggjande tilbod i kommunen. Innbyggjarane kan sjølv ta kontakt med frisklivssentralen, eller bli henvist. Helsesamtaler er gratis. Det er 3 månader gratis trening ved individuell oppfølging. Det er ein eigenandel på kurs og eigenandel på friskliv Jæren per år.
Syn- hørselskontakt	Ved utfordringar med syn eller hørsel kan du kontakta kommunens syn- og hørselskontakt. Syn- og hørselskontakten gjev råd og rettleiing, samt bistår i søking av hjelpemiddel ved behov.
Familiesenter	Familiesenteret er eit tilbod for alle familiar med barn i alderen 0 - 18 år. Familiesenteret gir råd og rettleiing til foreldre som i periodar kan oppleve usikkerhet rundt eigen rolle som oppdragar og/eller er bekymra for sine barn Familiesenteret tilbyr og samtalar til barn og ungdom som har utfordringar eller psykiske helseplagar som dei treng hjelp til å meistra. For

	barn i alderen 0-13 år blir det vurdert om individuelle samtaler er det riktige tilbudet, eller om rettleiing til deira omsorgspersonar er meir tenleg På Familiesenteret jobbar eit tverrfagleg team av helse- og sosialfaglig utdanna, med vidareutdanningar innan psykisk helse og familieretta arbeid. Treng ikkje henvisning til familiesenteret. Tenesta er gratis.
Oppfølging etter demensdiagnose / demenskoordinator	Oppfølging på eit tidleg tidspunkt frå demenskoordinator. Kriterium: • Brukar har fått ein demensdiagnose eller er under utredning • Brukar takker ja til tilbudet Tenesta kan avsluttast når: • Brukar ønsker det, og/eller ikkje lenger nyttiggjer seg samtalen under heimebesøka. • Brukar får innvilga langtidsopphald i institusjon. • Utredning ikkje avdekker demensdiagnose.
Hukommelsesteam	Ei tverrfagleg samansett gruppe som samarbeider med fastlegen, pårørande og den det gjeld. Dei bistår i utgreiing av demens, gir råd/rettleiing og kartlegg i heimen. Teamet består av demenskoordinator, tilsette i heimetenesta og lege. Demenskoordinator koordinerer arbeidet til hukommelsesteamet. Demenskoordinator skal fungera som bindeledd mellom personar med demens, deira pårørande og dei ulike delane av tenestene
Lindring og kreftteam	Lindring- og kreftteam er eit lågterskeltilbod til innbyggjare som er alvorleg og uhelbredeleg sjuke, og deres pårørande. Det vert også gjeve oppfølging til personar som er i pakkeforløp heim for pasientar med kreftsjukdom. I teamet jobbar sjukepleiare med spesialkompetanse innanfor kreftsjukepleie og palliasjon. Tenesta vert gjeve som heimesjukepleie.

	Kriterium: • Det må foreligga eigensøknad om heimesjukepleie • Søkar må vere under kreftbehandling eller leva med uhelbredeleg sjukdom Medisinske opplysningar frå fastlege vert innhenta ved behov
Meistringskurs	Meistringskurset er eit gratis tilbod til vaksne som ynsker hjelp med lettare former for angst, depresjon, søvnvanskar og begynnande rusvanskar. Meistringskurset er undervisningsbasert, og går over 4 samlingar á 1,5 time. Kursplass vert tildelt etter ein kartleggingssamtale i Psykisk helse og rusvern.
KiB-kurs	Kurs i belastningsmeistring KiB er utarbeida for personar som ynsker å betre sin evne til å meistre belastningar. Belastningane kan vere knytta til både arbeidsliv og privatliv. Kursdeltakerne kan henvisas til kurset frå sin fastlege/behandler eller gjennom anna kontakt med helsetenesta. Det er og mogleg å ta kontakt på eigahand for påmelding. Det er ein eigenandel for kurset.
Tunet brukerstyrt senter	Tunet brukerstyrt senter ved Klokkeartunet vert styrt av brukarane. Dei tilsette er tilretteleggjarar. Tunet er ein stad for alle i Hå kommune som treng ein stad å møta andre, og som ynskjer å høyra til i eit fellesskap. Det er eit positivt og inkluderande miljø som legg til rette for aktivitet, meistring og nettverksbygging. Det er ope både dag- og kveldstid. Om du ynskjer å ta del i felleskapet vårt kan du ringja eller senda oss ein e-post for å laga ein avtale. Du kan og bare møta opp om det passar best for deg. Tilbodet er gratis
Heimebesøk	Me tilbyr heimebesøk for alle innbyggjarar som er blitt 80 år. Målet med heimebesøket er å gje informasjon om tenestetilbodet i Hå og sikra at heimen din er tilrettelagd om du treng det.

Funkishuset	Funkishuset har som mål å betre helsetilstand og livskvalitet for personar over 18 år med rusrelaterte utfordringar. Redusere risiko for overdose og overdosedødsfall. Det er eit gatenært tilbod med låg terskel for kontakt. Tilbodet er fleksibelt og tek utgangspunkt i den enkeltes behov. Alle tenester er gratis. Ingen henvisning eller timebestilling. Funkishuset er lokalisert på Sandnes.
--------------------	---